



**Til Vestland fylkeskommune
att: Torill Monstad**

**Innspel til Vestland fylkeskommune om "Ladeinfrastruktur tunge kjøretøy" frå
Hardangerrådet**

Takk for at Vestland fylkeskommune set dette tema på dagsorden. Hardanger har – i likheit med andre distriktsregionar ingen ladeinfrastruktur for tunge kjøretøy per i dag. Dette medfører bl.a. at aktørar som ASKO som nyttar elektriske lastebilar i bynære område ikkje kan nytta desse for transport i distrikta. Saman med fylkeskommunen sitt ynskje om ein aukande elektrifisering av kollektivtransporten vil det vera behov for ein strategisk utbygging av ladeinfrastrukturen i vår region.

Truleg vil elektrifiseringa av kollektivtransporten gå raskt. Alle trafikknutepunkt – uavhengig av sentralitet - må difor ha ladeinfrastruktur for tunge kjøretøy, helst forbeholdt dei. På mindre stader kan det vera aktuell med deling med personkjøretøy, som f.eks. i Granvin, Kvanndal, Mundheim, Ulvik, Eidfjord. Det er ynskjeleg at infrastruktur for lading av bussar i kollektivtrafikk sjåast i samanheng med trong for ladestruktur for anna bussverksemd som turistbussar og andre tunge kjøretøy. Her kan det óg vera aktuelt å sjå tungbillading i samanheng med ferjeladeinfrastrukturen.

Næringslivet har eller ynskjer å byte bilparken i tråd med klimamål og krav, men utan infrastruktur vil dette vera vanskeleg å oppnå. Her må alle interessentar samlast og gjera naudsynte tiltak for å sikra elektrifisering av tungtrafikken i heile fylke. Me oppfordrar Vestland fylkeskommune saman med kommunane, (transport)næringa, kraftbransjen og lastebileigarforbundet å ta initiativ til ein samling. Me treng samarbeid og heilheitleg arbeid og satsing, der næringa er med.

Grunna storleiken på lastebilene vil ladestasjonane vera arealkrevjande, samstundes som det kan vera behov for å leggja desse i gangavstand frå butikkar/andre tenester. Eit anna forslag me støtter er å ta i bruk kontrollstasjonane til SVV og sette ut mobile powerbankar på dei, kun til lading og ikkje til døgnavile . Dette kan vere ei sær sars god løysing, der ein også brukar og utnyttar allerede store utbygde areal.

Elektrifisering av langtransporten i Noreg ligg sannsynlegvis litt fram i tid. Sikkerheitsaspektet kring høgspant kombinert med anna drivstoff som kan vera aktuell for langtransport som hydrogen og biogass kan kanskje føre til trong for et skilje mellom elektriske ladestasjonar og fylling av andre energibærarar.

Me håper på ein god dialog og ser fram til eit godt samarbeid framover kring dette viktige tema!

Med fruktbar helsing,

Hardangerrådet v/rådsordførar Timo Knoch

